



Dag Helland vert talar på haustfesten.

Det vert no gjort kjend at Dag Helland vert talaren på haustfesten i ungdomslaget laurdag 17. oktober. Plangruppa hadde nytt møte i kveld og mykje av programmet er alt på plass. Målet er å gjenskapa ein god og innhaldsrik haustfest slik det var i ungdomslaget på 1960 – 70 talet.

Faste innslag i programmet er elles Daltrekk, musikk og song, sceneinnslag, matøkt og dans. Det vert egne innslag av ungdom, og borna har høve å vera med på programdelen.

Det er lagt opp til ein dugnadsfest der ulike grupper hjelper til med å skapa god stemning. Med stram regi skal programmet vera unnagjort på under to timar. Etter matøkta i den nyrenoverte kjellaren vert det dans til langt på natt.

Ungdomslaget vil snart gå ut med meir informasjon om påmelding og billetter.

Tekst: Kristian Bringedal
Foto: Ola Matti Mathisen
Nett: Thor Inge Døssland